

Emne: Spørsmål budsjett - Etatsjef for helse

Spørsmål til etatsjef for helse

Hei

Svar på spørsmål vedr. budsjett frå representanten Rune Helland:

Post 1.12700 juridisk bistand på Helse og sosial avdeling. Rekneskap 2021 er kr 0,- medan budsjett 2022-2026 er 300 000 kva er dette?

Svar:

Dette er ein post som vert stipulert frå Barnevern, ut frå antatt behov datert 1. september 2022. Juridisk bistand vert nytta i saker som går til fylkesnemnda og til tolketenester. Grunnen til at denne posten står i 0,- i 2021, er at kostnadar til disse sakenen vert ført som utgifter til barn under konto 13501 (interkommunale tiltak). Samla sett har tenesta 2440 eit meirforbruk i 2021, dette handlar om sluttavrekning for tenesta og ekstra utgifter knytt til juridisk bistand som har vore høgare enn kva budsjett 2021 vart stipulert til.

Post 1.10750 Reinhold på Heimebaserte tenester. Rekneskap 2021 syner kostnad på kr 445 174, budsjett 2023-2026 er på kr 980 126 kvart år kva gjer endringa her?

Svar:

Reinholdpersonell i tenesta har kombinert stilling mellom heimehjelp og reinhold. Tidlegare har dei kombinerte stillingane vore lagt inn under lønspost til pleiepersonell på konto 10100(pleiepersonell/helsepersonell), og ikkje konto 10750 (reinhold). Då arbeidsoppgåvene i disse kombinerte stillingane i hovudsak gjeld reingjering, har ein valt å føre heile stillingane på reinhold. Samla sett er det ikkje auke i stillingsheimlar.

Kommentarar frå Anne Økland med blå skrift

Med vennleg helsing

Rune Helland